

Radøy kommune v/Arkivleiar Anne Dahle Austrheim

Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:

16/23 - 1 / AH / 224

Dato:

13.01.2016

### **Førespurnad vedkomande avlevering av arkiv til depot hjå IKAH**

I 2013 starta Interkommunalt arkiv i Hordaland eit prosjekt kor eigarkommunane fekk tilbod om å avlevere uordna arkivmaterialet frå perioden 1965 til ca. 1985. Radøy kommune fekk òg tilbod, men hadde ikkje moglegheit til å vere med dei to åra prosjektet gjekk føre. Prosjektet er no avslutta og dei fleste kommunane har no avlevert arkiva for ordning til oss.

Vi har forstått det slik at Radøy no ønskjer å avlevere arkiv frå denne tidsperioden til ordning hjå IKAH. Radøy kommune har i dag 23,5 hyllemeter ledig i depot hjå IKAH, desse hyllene skal de sjølvsgt fylle, men om avleveringa overstig 23 hyllemeter må de tinge meir plass. Sjølve arbeidet med ordninga vert dekkja av eigartilskotet, men ein må jamfør depotavtala betale for lagring og betjening av arkivet samt materiale kostnader som tilkjem ved ordninga.

Sjølv om arkivet skal inn til ordning hjå IKAH, må det likevel ha ein viss orden ved avlevering. Minstekravet til orden er skildra i prosedyren som vart laga i samband med avleveringsprosjektet (sjå vedlegg). Denne følgjer vilkåra i arkivforskrifta og normalinstruksen frå Riksarkivet og det er viktig å poengtere at dei arkivskaparane de ønskjer å avlevere må følgje desse vilkåra.

Når vi har stadfesta at Radøy kommune ønskjer å avlevere arkiv i 2016 vil de få utdelt ei veke for avleveringa. I tillegg ønskjer vi å ha eit møte med arkivleiar og dei som skal jobbe med prosjektet, for å gå igjennom krava for avlevering, samstundes som vi vil sjå nærmare på arkivet som skal avleverast. Det første vi gjer er derfor å avtale dette møte. Ring meg gjerne eller send datoar som passar.

Underteikna er kontaktperson og vil sjølvsgt svare på spørsmål de måtte ha om avleveringa også undervegs i prosessen.

Med venleg helsing

Anita Haugen Lie  
Rådgevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjonsbrosyre

1330599

13.01.2016